


# BIBELOMSETJAREN



Etter Pontoppidans forklaring frå 1737 kom det mange store og små katekismar på dansk og dansk-norsk. Elias Blix fekk ut den første på nynorsk i 1891. Den blei trykt i over 100 000 eksemplar.

«No tek du Bibelen, so greider eg Homer.»

A. O. VINJE til Elias Blix 1869

Frå 1881 fekk Det Norske Samlaget statstilskot til omsetjing av Bibelen til nynorsk. Elias Blix var no blitt professor i hebraisk, og tok på seg arbeidet så sant Ivar Aasen ville vere med. Året etter hadde dei to gjort ferdig Romarbrevet og gjekk så laus på Johannesevangeliet. I 1884 blei Blix kyrkjeminister. Aasen fekk då med seg Matias Skard og Johannes Belsheim i staden. I 1889 var Det nye Testamentet ferdig. Då var Blix ute av politikken. Med liv og sjel hjalp han også til med omsetjing av Nytestamentet til dansknorsk i 1890-åra.

«Hadde me fengje ei slik umsetjing paa reformasjonstidi, so hadde mangt vore annarleides i Norig no, og iser vilde det sét annarleides ut ved mang ei daudsseng.»

IVAR AASEN til Elias Blix 1889

# STATSRÅDSMAKT

Elias Blix var statsråd i Johan Sverdrups Venstre-regjering 1884 – 88 (med sete i Stockholm 1885 – 86). Han brukte makta si: støtte til ei billeg utgåve av Andreas Austlids ABC-bok, midlar til kurs i nynorsk for lærarar i folkeskulen og ikkje minst jamstillingsvedtaket i Stortinget 12. mai 1885. Framlegget om å jamstille det nye landsmålet med dansknorsk var blitt utforma i samråd med Arne Garborg og statsråd Elias Blix.



Kyrkje- og undervisningsminister Blix sytte for statsstøtte til bygging av bedehus i fleire fiskevær nordpå, som her i Kabelvåg. Bedehuset stod ferdig i 1886, og blei flytta i 1974. Foto: Kjell Ove Storvik

# HEILAG ULYDNAD



Lårdal kyrkje, Tokke i Telemark. Foto: Tone Tveit

Første juledag 1884 utøver kyrkjelyden i Lårdal kyrkje heilag ulydnad. Dei syng tre Blix-salmar under høgmesa sjølv om ingen Blix-salmar enno er godkjende for bruk i kyrkja. Seinare i julehelga gjer kyrkjelyden i Høydalsmo det same. Då prost Sønke Postimus Sønnichsen melder frå om hendinga til departementet, gjer han samstundes framlegg om at nynorske salmar må kome med i salmebøkene. Statsråden i departementet heiter Elias Blix. Han let etterfølgjaren sin overta saka, som blir lagd på is.

«I some Skular brukar me den vesle Salmeboki, som hev kome fraa 'Det norske Samlag' aa lærer Borni sume av Salmarne. I Jole song me norske Salmar i Kyrkja or den Boki, og Folk sagde, at dei totte det var vent og gjekk godt.»

TORHEL OFTELIE «Fraa Høydalsmo»,  
Fedraheimen 28. mars 1885

# KYRKJELYDEN

Den 4. mars 1892 godkjenner kyrkjestatsråd Wilhelm Andreas Wexelsen salmane av Elias Blix til bruk i kyrkja «hvor Beslutning om saadan Benyttelse bliver fattet af Menighedens Husfædre». Biskopane er ikkje spurde til råds. Alt før jonsok same året tek Skage og Ranem kyrkjelydar i Overhalla i bruk Blix-salmane. Soknepresten i Overhalla har permisjon denne tida. Han heiter Wilhelm Andreas Wexelsen.




Ranem kyrkje, Overhalla i Namdalen. Foto: Bjørn Tore Ness

«Vi finder i Dr. Blix's originale Salmer en Inderlighed og Varme, en digterisk Inspiration, en Fylde og Dybde i Tanken, et hellig Enfold og en Folkelighed i Udtrykket, som høilig tiltaler os.»

LÅRDAL KYRKJELYD Søknad til  
Kyrkjedepartementet 16. januar 1892  
om godkjenning av salmane

# NORDLENDINGEN



## Barndomsminne.

(Fraa Nordland).

*Kan gaa som: Jeg vil vørge mit Land.*

*Aa eg veit meg vit Land  
Langt deruppe mot Nord  
Med ei lysande Strand  
Millom Høgfjell og Fjord.  
Der eg gjerna er Gjest,  
Der mitt Hjarta er fest  
Med det fineste Band.  
Aa eg minnest, eg minnest so næt dette Land!*

*Der eit Fjell stig mot Sky  
Med si Krone av Snø,  
Og i Launklædnad ny  
Det seg speglar i Sjø,  
Og det smiler mot Strand  
Med si Bringa i Brand  
I den solklare Kveld:  
Aa eg minnest, eg minnest so næt dette Fjell!*

*Ja eg kjenner den Stad,  
Der eg stinnad som Gul,  
Der eg haand og Kneid,  
So det svarad fraa Nat,  
Der eg leikad og lag  
I den launklædde Skog  
Millom Blomar og Blad:  
Aa eg minnest, eg minnest so næt denne Stad!*


*Og naar Vinden var spak,  
Før um Fjorden eg rundt,  
Der eg rodde og rak  
Som ein fiskande Glunt,  
Der eg leikande laag  
Og meg osydd paa Vaag  
I den Natteet der noer:  
Aa eg minnest, eg minnest so næt denne Fjord!*

*Men det daarande Han,  
Som no drogmer so stillt,  
Vert ei glupande Grav,  
Naar det reiser seg villt,  
Snart det lokkar og lar,  
Snart det gver deg slar  
Og dreg Baaten i Kav,  
Aa eg minnest, eg minnest so næt dette Hav!*

*I min Heim var eg sæl,  
Jodi Gud var attveel,  
Og eg kjende so næt,  
Kor det andet Gude Fred,  
Naar til Kyrkia me for,  
Naar me heime heldt Kor,  
Og med Moder eg bad,  
Aa eg minnest, eg minnest so næt denne Stad!*

*Denne Heim er meg kjær  
Som den beste paa Jord,  
Han mitt Hjarta er nær  
Denne fjetrande Fjord,  
Og det maalande Fjell  
Og den straalande Kveld,  
Hugen leikar paa deim:  
Aa eg minnest, eg minnest so næt denne Heim!*

*Og eg langtar so tiit  
Dette Landet oa sjaa,  
Og det dreg meg so blidt,  
Naar eg langt er ifrå,  
Med den vaknande Vaar  
Vert min Saknad so snar,  
So mest graati eg hann,  
Aa eg minnest, eg minnest so næt dette Land!*



Saman med andre studentar var Elias Blix med og skipa Den Nordlandske Forening i 1862. Laget blei seinare heitande Nordlændingernes Forening. På 60-årsdagen til Elias Blix i 1896 kom styret i foreninga for å helse jubilanten. Elias Blix takka med å lese eit nytt dikt han hadde skrivne: «Barndomsminne». Etter at Blix reiste til Kristiania i 1859, var han heimom i Gildeskål berre ein gong, sju år seinare.

«Dernest har jeg været i Nordland, har gjenseet mit kjære Hjem og er derved bleven ligesom forynget – aldeles nordlandsk i Sind og Skind.»


ELIAS BLIX Brev 27. desember 1866

Den melodien som no blir brukt til dette diktet, publiserte Adolf Thomsen vinteren 1902, kort tid etter at Blix var død. Thomsen var fødd i Bergen, men seinare busett i Tromsø.

# INSPIRASJONEN

«Vinteren 1889 var han nokre veker på Lillehammer og kvilde seg. Den 14. februar fekk han som vanleg 'Lillehammer Tilskuer' opp på rommet sitt. Der skreiv han i ei inspirert stund ned utkast til 'Gud signe vårt dyre fedreland' ... på siste sida tvers over lysingar om ledige husrom og tvangsauksjonar.»

REIDAR BOLLING Elias Blix, 1953



«Sonen Ivar Blix fortel at faren kunne ligge på sofaen med avis og langpipe og røde med dei andre. Brått kom ånda over han, langpipa gjekk i golvet, han greip blyanten og skreiv ned ein salme på avisa.» skriv Blix-biografen Reidar Bolling. Slik teikna Ragnvald Blix faren ein gong i 1890-åra. Teikninga blei publisert i Dagbladet i 1936.